



Ingelin Garen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/332 - 14/4156

Saksbehandlar:

Kjersti Flatråker

kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:

23.04.2014

## Plansak 12602012000900 - Områdeplan Bø - notat etter møte med Statens vegvesen 2. april 2014

I samband med planarbeid på Bø var Statens vegvesen invitert på møte og synfaring 2. april 2014.

Tilstade:

Statens vegvesen: Ingelin Garen (Plan- og forvaltningsseksjon Bergen) Marian Dagfrid Barsnes (arealplangruppen) og Tor S Høyland (TS-tiltak)

Radøy kommune: Tonje N. Epland (leiar teknisk forvaltning), Tore Rikstad (leiar teknisk drift), Kjartan Medaas (oppmålingsingeniør/kartteiknar) og Kjersti Flatråker (arealplanleggjar).

møteplan:

Oppmøte på Hordabø skule kl 09.30

Kaffi og prat rundt kartet

Litt om kommunen sine mål for planarbeidet og trafikale utfordringar i Bøvågen

10.00 Synfaring

11.30 Lunsj på kommunehuset på Manger

12.00 Kort oppsummering og vegen vidare

Radøy kommune er i ferd med å utarbeide ein områdeplan for Bø. Føremålet med dette arbeidet er fyrst å framst eit ynskje om å leggje til rette for fleire byggjeklare tomtar. I tillegg vil ein ny plan erstatte gamle reguleringsplanar og ein vil få på plass nytt planmateriale med plankart og føresegner som vil vere meir eigna for dagens tilhøve.

Fylkesvegen går gjennom Bø og er difor eit viktig element i planarbeidet. Planområdet er stort og strekker seg frå Haugland og til Rikstadvågen.

Trafikale utfordringar på Bø er særleg knytt til

- Skule og barnehageområdet
- Hordabøheimen – frå gamleheim til hybelhus?
- Brekka ned til Rikstadvågen
- Haugland/Lilleteit-krysset og fylkesvegen mot kyrkja

Når ein tenkjer løysingar for gåande og syklende er det viktig å huske på at:

Gang- og sykkelveg ikkje er det same som fortau!

Gang- og sykkelveg byggjer ca 4 meter med rekkverk til veg. Fortau bør vere ca 3 meter breidde om det både skal kunne syklast og gå på.

Statens vegvesen anbefaler løysing for gåande og syklande på begge sider av fylkesvegen.

Veggrunn: Vegbreidde 2,75 m x 2 + sideareal er lik tilnærma 10 meter totalt. Sjå uttale til oppstarsmeldinga og håndbok 017.

Statens vegvesen ynskjer i utgangspunktet færrest mogeleg avkjørler då desse er å sjå som potensielle konfliktpunkt.

Statens vegvesen skriv ei oppsummering med førebelse anbefalingar og sender kommunen.

Kommunen inviterer til møte og diskusjon når planframlegget er utarbeidd.

Takk for diskusjon og tilbakemeldingar i løpet av møtet og synfaringa.





Med helsing

Kjersti Flatråker  
arealplanleggjar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kjartan Medaas  
Tonje Nepstad Epland  
Tore Rikstad

**Mottakere:**

Ingelin Garen